

SCENETREFF

Av stuntpoet Arne Torget

Endelig skal vi få gjera det vi likar best
Med eit kickstart med Scenetreff Vest.
Ein ny start etter 2 magre år
Cornerteateret er basen vår.

Vestlandske Teatersenter skal skjemma oss bort
Gje oss påfyll av beste sort.
Sjå på tekstskriving med Erlend med nytt blikk
Læra stemmebruk med Guro og Tarjei, og med Idun skodespelarteknikk.

Karakterbygging i fokus med Yvonne
Få teksten på golvet med Pål og gassen i bønn.
Vil du læra meir om å improvisera?
Då får du meir med Tormod å gjera.

Kursdagane vil gå lekande lett
Med tilrettelegging av Kristin, Birthe og Jeanette.
Treffa gamle gode og nye kjende
Få oppleva Ole Bergesen, ein levande legende.

Få opp inspirasjonen på ny
Med Pål og Ina frå Norsk Revy.
Det tar vi som eit godt tegn
Ina har aldri vore i Bergen i regn.

Gje oss påfyll til ein ny sesong
No køyrer vi på og set i gong.
Maria har tenkt å kosa seg godt
Med Mathilde frå Lindås og Marit frå Vossalått.

Vaksne Talenter vil svinga sin fane
Lucas, Ragnhild, Britt-Elin og Cecelie er på heimebane.
Tone, Ingeborg, Grete, Ellen, Hanne og Leif er på plass
Vaksne Talenter er klare og gjer gass!

Sotra Teaterlag er ein solid institusjon
Grethe og Trine er store ikon.
Britt Laila, Ingunn, Sara, Bjørn og Henrik er her i dag
Hurra for fantastiske Sotra Teaterlag.

Åsane Seniorteater er ein fantastisk gjeng
Hjørdis, Maria, Audhild og Eva kosar seg på spreng.
Torill, Alice, Turid, Grethe og Stig har eit opphold ein konge og ei dronning verdig
Dei reiser ikkje heim før Bybanen er ferdig.

Ja, Bybanen er sikkert gode greie
Dagrunn meiner den bør gå heilt til Fedje.
Merete, Jan Torry og Kristin rodde inn saman med ho i dag
Det er alltid triveleg å møte Fedje Teaterlag.

SCENETREFF

Av stuntpoet Arne Torget

Ole Bergesen er Fitjar Revylag sin store son
Stordrevyen har sendt ut Arne Torget på lån.
Saman skal vi alle snart på scenen, vi er tilbake
Vi skal fylla kulturhus med stemningen i take'.

Det var så deilig å vera til stede
I Cornerteaterets lune rede.
Alle møtte lika godt førebudd
Ute var det godt Bergensk sludd.

Vi blei delt i grupper, for kvar for oss
For å bringe inspirasjon heim til Sotra, Lindås og Voss.
Eg kom i ein fantastisk gjeng
Som slukte alle Erlends gode poeng.

Vi jobba med tekstforståelse med kritisk blikk
Under gjengen med skuespelarteknikk.
Dei kjørte på som ville elefantar
Teksten kom ut frå golvet på alle kantar.

Det var rolegare med gjengen som trente stemmene med fullt trøkk
Frå den gjengen høyrte vi ikkje eit pøkk.
Men det var berre kjekt at stemnebrukgjengen ikkje var til bry
For Erlend viste oss det dårligaste nummeret i Norsk Revy.

Vi fekk sjå ting som var heilt fantastisk
Nummer som var framført heilt uentusiastisk.
Nummer du fekk lyst å berre lika og dela
Og nummer som rørte oss heilt inn i sjela.

Vi fekk oss ein pause der vi mingla i lag
Fleire lurte på om eg skreiv noko til i dag.
Eg sa eg helde på med nåke greie
Får berre høyre ka Bergesen seie

Eg veit ikkje om eg er klar for den rolla
Så eg åt ein bagett og tok meg ei bolla.
Gode pausar har gode verdiar
Så gjekk vi rett inn og jobba med konspirasjonsteoriar.

Vi jobba systematisk etter skjema
Med åsted, adjektiv og aktuelle tema.
Tankane kom for fullt i sving
Revy kan lagast ut I frå ingenting.

Jeanette kom inn til oss nå
Men kaffi og twist var ikkje å sjå.
Ideane våre kjem fortare enn vi forventar
Om Nasse Nøff, horer og Nav konsulentar.

SCENETREFF

Av stuntpoet Arne Torget

Idear kom ut frå intet gjennom prat
Om veganerar og moses som aspirerande advokat.
Vi lot alle hemningar fare
Snart er vi alle premiereklare.

Takk for invitasjonen og initiativet
Vi er blitt inspirerte og kreative.
Erlend varsla om faren
Det er pause igjen og åpent i baren.

Siste økt og kurset var ferdig
Vårt var ein revykonge og dronning verdig
Gøy og inspirerande dag
Og endelig var vi samla i lag.

Så kom Pål og Ina i Norsk Revy
Og fortalte om kva dei hadde og by.
Dei håpa grupper i hopetal
Vil komma til Norsk Revy festival.

Aktiviteten i gruppa var gode greie
Pål holdt på glømma Fedje.
Ole Frå Fitjar kom med at no er dei klare igjen
Til å invitera revyglade kvinner og menn.

I september er dei klare på ny
Til å fylla ei deilig helg med revy.
Alle gler seg til å komma til Ole
Fedje har alt vore å handla på polet.

Nå er vi klare til middag og fest
Med den beste gjengen frå Trøndelag og vest
Så samla vi oss i baren før mat
Til øll, revypreik og koseprat.

Forventningene til maten var store
Vi kunne ana at det var tapas på bordet.
Sånt lika ikkje Ole å eta
På Fitjar går det helst i fisk å poteta.

Her var det mykje løye å sjå
Melon og skinka med tannpirkara på.
Skjeven såg ut så små smykke
Skårne opp som små kakestykke.

Her var alskens deilige rettar og salat
Som Fitjarbuen ville kalla får mat.
Og Fitjarbuen har slått an så det smelle
Det står til og med Fitjar på såpa på hotelle.

SCENETREFF

Av stuntpoet Arne Torget

Ida såg brente dadler og var happy med det
Og forsynte seg iallefall 2 gongar te.
Pål sine innhogg i kjøttbollene var store
Men var skuffa over at det ikkje var pudding på bordet.

Vi var lykkelige, gode og mette
No er det berre å setta seg til rette.
Setta seg ned med klare blikk
Klare til å nyta revy, sang og musikk.

Jeanette, Kristin og Thomas ønska velkommen frå scenen
Han har vore utenfor i dag og kløppt plenen.
Her stod iallefall ein stolt kar
I det kulaste kulturhuset Bergen har

For han var det dom å bli født på ny
Thomas er faktisk vokst opp med revy.
At han hadde spelt revy i Tromsø hadde han heilt glømt
Nå skal han ta igjen det som er forsømt.

Så skålte han for Trønderane i salen
Så dei fekk skikkelig styrka moralen
Voksne Talenter greip nesten mikrofonen
Med kul acapella slo dei an tonen.

Fleirstemt song av beste merke
Om dei to åra der alt gjekk på tverke
Alt som snart heldigvis er forbi
Hengeræv, teamsmøter og pandemi

Så velkommen til festforestilling i dag
Med revyinnslag og impro av beste slag.
Vi er den beste revygjengen i Norge
Direkte frå Cornerteateret, Arne Torget

